

ÅRSMELDING 2016 MRGL.

Årsmøtet for 2015 vart halde på Systra Kafè på Sjøholt den 8.2. 2016 med 13 røysteføre utsendingar frå dei 4 lokallaga.

Styret for laget i meldingsåret har vore

Atle Arnesen, leiar. Vara Olav Lyngje.

Bente Bonsaksen. Vara Andor Bjørke.

Vidar Sunde til 16.5. Vara Arnfinn Lien.

Maren-Ann H. Løvoll. Vara Alvin Harstad.

Valnemnd:

Ottar Ringstad, leiar. Karina Stråmyr, Bjørn Inge Nåstad og Anne Iversen.

LAGSARBEIDET 2015.

Styret har hatt 5 styremøte og handsama 25 saker.

For dette styret har det vore viktig å få oversikt og kontroll med økonomien, fordele arbeids- og ansvarsområde seg i mellom, og å føreta ein grensegang mellom oppgåver og ansvarsområde mellom lokallaga og fylkeslaget. Etter oppmoding frå utsendingen frå Møre og Romsdal Sau og Geit i årsmøtet "om å laga eit budsjett over kva det kostar å drifte laget med ein enklare modell" vart ein slik modell også retningsgjevande for grensedragingane som vart gjorde. Lokallaga skulle slik arbeide i samsvar med vedtektene sine og vere ansvarlege for alle tilskipingane sine og eigne folk der dei representerte laget sitt. MRGL skulle framleis samordne lokallagsarbeidet, vere bindelekkjen til NSG, og støtte opp om lokallaga der dei hadde trong om det.

I tråd med drøftingar under årsmøtet gjorde styret vedtak om å fordele NM-overskotet tilbake til lokallaga som påskjøning for dugnadsinnsatsen under NM.

Styret arbeidde vidare med forslaget til aktivitetsplan som var framlagd i årsmøtet, og gjorde nødvendige tilpassingar for å unngå då kjende kollisjonar med tildelte nasjonale prøver. Det vart også gjort vedtak om teljande prøver for unghundserien i fylket. Og i samsvar med pålegget frå årsmøtet sette styret opp ei liste over teljande prøver for NM-uttaket.

Etter at protokollen frå styremøtet den 29.3. vart offentleggjort vart det sett i gang eit samordna åtak frå nokre enkeltpersonar mot styret, og spesielt leiaren. Epostar med svært varierende saklegsgrad vart sende inn - og med kopi til NSG i fylket og sentralt. Like eins til andre uvedkomande tredjepartar og potensielle sympatisørar. Etter dette trekte 2 av styremedlemmane seg frå vidare styrearbeid.

I samråd med styreleiaren i Møre og Romsdal Sau og Geit vart det samankalla til eit utvida styremøte den 16. mai der både styret og varafolket var innkalla. Dette møtet konkluderte med at laget skulle prøve å styre unna eit ekstraordinært årsmøte. Etter dette møtet har styret halde fram som eit slags "forretningsministerium" der berre ekspedisjonssaker og førebuing til nytt årsmøte er utført.

Organisasjonen vår er oppbygd slik at eit lovleg sett årsmøte vel eit styre som skal drifte laget mellom årsmøta. Eit styre kan gjere vedtak i strid med årsmøtevedtak og vedtekter. Det resulterer gjerne i at styret vert kasta i det påfyljande årsmøtet. Eit nytt årsmøte kan også ha meiningar og merknadar til styret sitt arbeid. Men utover det gjer ikkje styret "feil" vedtak. Vedtak som ikkje er i samsvar med den eigeninteressa alle måtte ha - ja, men ikkje "feil". Det at einskildsmedlemmar ikkje respekterer vanleg organisasjonskultur, og kan akseptere lovlege vedtak gjorde av styret i årsmøtepålagde oppgåver, har skapt sår det lyt stellast godt med om dei skal gro.

NSG har formulert gjetarhundarbeidet sitt i eitt hovedmål og med to delmål. Styret har ei klar oppfatning av at det vert arbeidd godt i lokallaga i samsvar med målsetningane til NSG for gjetarhundarbeidet.

Det er innrapportert til NSG at det i fylket er arrangert

4 prøver i klasse 1 med til saman 15 startande.

3 prøver i klasse 2 med til saman 7 startande.

8 prøver i klasse 3 med til saman 202 startande. (I tillegg til dette kjem landsprøvene VSG og Nordfjord Gjetarhundlag samarbeidde om.)

Vidare er det registrert 8 nye ekvipasjar med greidd godkjend prøve.

Det er rapportert om 5 gjetarhundkurs med til saman 42 deltakarar.

Jan Myklebust med hundane Rex og Storm, Atle Arnesen med Mirk og Fern, Nils Stråmyr med Roxy og Andor Bjørke med Meg representerte fylket i NM.

Det vart ikkje finaleplass på nokon av våre dette året, men ekvipasjane forsvarte kvoten på 6 hundar til komande NM.

Avslutningsvis vil styret gratulere

- MMG med vel gjennomført fylkesmeisterskap!
- Dei 8 med godkjende, nye hundar!
- Jan Myklebust og Rex som gjekk til topps i fylkesmeisterskapen!
- Jan Myklebust og Storm som vart beste unghund!
- Brian Nielsen som vinnar av unghundserien i klasse 2!

Maren-Ann H. Løvoll (sign)

Arnfinn Lien (sign)

Atle Arnesen (sign)

Årsmeldinga vart ikkje godkjent i opprinneleg form (8-5 stemmer)

MMG fekk i oppdrag å gjere endringar på eksisterande årsmelding og kom med dette forslaget:

«Etter at protokollen frå styremøtet den 29.03. vart offentleggjort, vart det sett i gong ei samordna klage frå enkeltpersonar mot styrevedtak. Etter dette trekte 2 av styremedlemmane seg frå vidare styrearbeid.»

Ny årsmelding godkjent av årsmøtet med 8 mot 5 stemmer.